

NVE

Postboks 5091 Majorstua  
NA  
0301 Oslo

Dykkar ref: Bård Ottesen

Vår ref: -KV/

Arkiv nr:

Dato: 14.06.2013

**Miljateig Skålnes Kraft AS- Søknad om løyve til bygging av Miljateig Skålnes kraftverk i Etne kommune, Hordaland- høyring**

Viser til dykkar brev datert 07. juni 2013. Slik overføringsnettet er dimensjonert i aktuelle område er det ikkje kapasitet til å gi adgang til ny kraftproduksjon. For at vi kan gi klarsignal for dette er vi avhengig av oppdimensjonering av eiga nett samt at det vert aktuelt å bygge nytt 66/22 kV koplingsanlegg ved Tøsse (Eikemo) i Etne kommune. Ein må vidare bygge ny 66 kV overføringslinje mellom Eikemo og over til Blåfalli 3 i Kvinnherad kommune. SKL Nett AS som har sitt hovedkontor på Stord har inne konsesjonssøknad hos NVE for nemnde overføringsanlegg, dvs. dette er del av prosjektet som inngår i SKLs konsesjonssøknaden som gjelder 66kV overføringsanlegg mellom Rullestad-Tøsse i Etne kommune og Blåfalli 3 i Kvinnherad kommune. Dette til dykkar orientering.

Med venleg helsing  
Skånevik Ølen Kraftlag

  
Kristoffer Vannes

Dagleg Leiar